

Velbrukte plakatar i stativet

20.05.2009



Ikkje alle er like påpasselege med å ta ned plakatane frå plakatskåpa sine når arrangementa er ferdige. (Foto: Torfinn Myklebust)

**Nokon kvar av oss har vel set opp plakatar om tilskipingar, og av og til har plakatane også vorte ståande etter arrangementet utan å verta tekne ned.**

Dette ser det også ut som skjer rett som det er i det nye, fine oppslagsstativet som Uskedalen Utvikling fekk laga for nokre år sidan.

Her er det ikkje berre plakatar som skulle vore tekne ned for nokre veker sidan, men det er dessutan plakater som har overvintra. Dei er utgått på dato.

Enkelte lag har sine låste plakatskåp som til dels vert nytta. Kanskje kan dei som har desse skåpa vera litt nøyen med å plukka ned plakatane etter at arrangementa eller sesongen er over?

t-